



# VINJE

## UNGDOMEN I VINJE UTFORDRAR FRAMTIDA

2024-2028

### UNGDOMSSTRATEGI

Utarbeidd av ungdomsrådet våren 2023

Vedteken i KS 16.04.24 utv.nr 55/24, sak i Elements 2022/2850-5

# INNHALD

## INNLEIING

---

Den viktige ungdomen	4.
Innsatsområder	5.
Oppvekst	5.
Til- og tilbakeflytting	11.
Fritidstilbod	13.
Møteplassar	14.

---

ALLE FOTO: Luke Tennant/Vinje Kommune

# INNLEIING

***Dette er Vinje kommune sin ungdomsstrategi for 2024-2028, strategien er utarbeidd av ungdomsrådet. Som ungdomsråd er me valt inn for å representere ungdommen i kommunen.***

Ungdomsrådet er eit organ som bør virke som eit knutepunkt for alle organisasjonar og grupper ungdommen i kommunen vår deltar i. Dette handlar om ungdom i skule, fritidsjobb og dei som er utanfor opplæring. Me må underbygge viktigheten av demokratiske verdiar, og vise ungdom at me har ein stemme og eit system for å bli hørt

I 2020 vart Vinje Kommune kåra av Unicef til ein av landets tre beste kommunar å vekse opp i, vårt mål er å vedlikehalde og forbetre dette. Det største ansvars områda Vinje kommune har, er ungdommen. Ungdommen er framtida og ein må sikre dei ein god start. Me som ungdomsråd er talerøret til all ungdom inn mot kommunestyret. Vår oppgåve er å styrke alle arenaene for ungdom gjennom ein rekke innsatsområder og mål som har blive framheva i denne strategien.

Dagens ungdom er gode folk. Me brenner for å bli hørt og krev ein meir rettferdig og bærekraftig verden. Det er god grunn til å lytte når me i den yngre generasjonen snakkar om korleis framtida bør bli. Det er nemleg me som skal leve i den.

Ungdommen i Vinje utfordrar framtida, og det er vår framtid me skapar.



Ungdomsrådet 2022-2023

## **Ida Bitustøyl**

Leiar ved ungdomsrådet

# Den viktige ungdomen

Vinje kommune har som mål at det skal vere trygt, meningsfylt og gøy å vekse opp og vere ungdom i kommunen. Kommunen arbeider over mange plan for å nå dette målet. Kommunen arbeider mot utanforskap gjennom ordningar som gratis skulemat, inkluderande barnehage- og skulemiljø, læringsmiljøteam, ferieaktivitet for ungdom, utstyrsbank med gratis utlån av tur- og idrettsutstyr, samt Rocket-man. Vi arbeider for tryggleik gjennom handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar, og med gjennomføring av veke 10. Vi har eit framifrå SLT arbeid med kriminalitets- og rusførebyggande arbeid, og vi har innført rask psykisk helsehjelp. Vi arbeider med trafikktryggleik gjennom stor satsing på bygging av gang- og sykkelveggar og med ordninga «Trygt heim for ein 50-lapp.» Vi støttar ungdomsklubbane i kommunen med midlar og klubblokale. Kommunen har eit stort og godt tilbod i kulturskulen og satsar på UKM kvart år, samt at vi har andre kulturtilbod som kino, bibliotek, konsertar,

**Jon Rikard Kleven**  
Ordfører

16. mai arrangement med vidare. Vi bygg aktivitetsoområdet Reinsparken og jobbar med skatepark. Vi syter for at idrettslag har det dei treng av hus og anlegg.

Nettsida ViFritid Vinje er etablert for at ein kan få oversyn over aktivitetstilbodet. Kommunen har ordninga sommararbeid for ungdom, og vi tilsett lærlingar. Det er systematisk jobba med god mobildekning og internettdekning i heile kommunen. Vi legg til rette for langrennsløyper, turstiar, høve til jakt, snøskuterkøyring og bruk av kommunale hytter. Vi har ungdomsråd som eit kommunalt organ med støtte av administrasjons-sekretær og møtegodtgjersler, og vi tek deira innspel på alvor.

Visjonen er å oppfylle denne ungdomsstrategien. Vi skal jobbe aktivt og målretta med personell og økonomiske rammer slik at orda i ungdomsstrategien til Vinje kommune blir realitetar for ungdomen vår.

**Anders Sandvik**  
Oppvekstansvarleg

# INNSATSOMRÅDER

## OPPVEKST

---

Ein god og trygg oppvekst kan føre til at ein ynskjer å gje sine egne born det same. Tilrettelegging av gode oppvekstvilkår er blant dei viktigaste oppgåvene i Vinje. Gode oppvekstvilkår er eit mål i seg sjølv, og det vil legge til rette for god fysisk og psykisk helse gjennom heile livet. Å investere i god utdanning, trivsel og gode helsetenester til barn og unge er svært samfunnsøkonomisk på sikt.

Gode oppvekstvilkår er avhengig av ein trygg oppvekst. Vinje kommune har satsingar knytt til dette. Blant ana temaveka «Sei det til nokon!», «Nullvisjonen» og SLT (samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak) modellen. Dei nemnde satsingane er aktuelle både i skulesamanheng, er helseførebyggande samt viktig for trivsel. «Nullvisjonen» er ei satsing for å førebygge at ingen blir hardt skadde eller drepne i ferdsel knytt til motoriserte køyretøy, også då i rusa tilstand. SLT-modellen er eit førebyggande arbeid der fleire instansar knytt til born, unge og unge vaksne jobbar systematisk for å førebygge og samarbeide for å skape gode haldningar knytt til rus og kriminalitet.



## Skule

Skulen er ein stor del av oppveksten. Opplevinga ein har i skulen legg til rette for korleis ein ser på samanhengar i samfunnet seinare. Det er difor særskilt viktig at skulen er inkluderande for alle, samt har ein førande undervisning og kvardag som legg vekt på inkludering, mestring, bærekraft, mindre sosiale ulikskapar og alternativ opplæring til dei som treng det. Det er fire grunnskular i Vinje kommune der ein skal ha fokus på like tilbod for alle.

Ungdomen er opptekne av at alle ikkje passar inn i den ordinære skulekvardagen og ynskjer derfor at kommunen skal jobbe for at dei som har eit ana behov får ein skulekvardag tilpassa dette. Prosjekt som «Inn på tunet» er eit eksempel på ei slik tilrettelegging.


Stadig utvikling og kompetanseheving er sentralt at blir vektlagt i skulane. Prosjekt i skulen slik som «IBSM», «Eg er meg og du er deg» og «Liv og røre» er med på utvikling og kompetanseheving både av lærarar og elevar. Ungdomsrådet er også opptekne av variert og praktisk læring for at alle elvar skal få kunne lære på best mogleg måte, samtidig som dei er motiverte og opplever mestring.

Ein skulekvardag skal vere ei god oppleving for alle anten det er knytt til mestring eller trivsel. Ungdomsrådet er opptekne av at alle skal vere inkluderte, trivast, føle mestring og forventar at skulane stadig jobbar for nulltoleranse mot mobbing, trakassering og rasisme.



## Mål

- Sikre elevoppfølging
- Miljøarbeiderar
- Sikre eit godt og effektivt samarbeid med PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste)
- Halde fram med gratis skulemat og skulefrukt
- Halde fram med kompetanseheving av tilsette i skulen
- Sørge for at det er eit bra inneklima på skulane
- Jobbe for å oppretthalde og styrke alle fire skulane
- Bygge opp under mangfaldet i skulen gjennom redusert sosial ulikhet og styrke samhold mellom elevar og tilsette ved å lære meir om mangfaldet av kulturane
- Halde elevane opplyste og orienterte om prosjekt i skulen som t.d. "IBSM", "Eg er meg og du er deg" og "Liv og røre"



## Helse

Ein god oppvekst avhenger også av ei god helse, både fysisk og psykisk. Ungdomsrådet forventar at det stadig er fokus på å jobbe for at alle unge får dei tilboda dei har krav på for å ha ei god helse. Ungdomsrådet meiner det er særskilt viktig at skulehelsetenesta held fram med utviklinga av seksualundervisninga. Ungdomsrådet har også jobba for å heve seksualundervisninga i skulen slik at prosjektet «Betre seksualundervisning i skulen» har blitt oppretta. Dette prosjektet er viktig at blir ført vidare.

Helsestasjon for ungdom er eit tilbod både på helsestasjonen i Åmot, men også på skulane. Ungdomen i Vinje er opptekne av at dette er eit tilbod som blir holdt ved like og utviklast ved behov og etterspørsel.

Psykisk helse og rus er eit felt ungdomen i Vinje kommune meiner er viktig å satse på. Det å hjelpe dei unge som har felle utandfor, slit psykisk, slit med rus eller er i ferd med å slite med rus er svært viktig for å førebygge for at dei ikkje havnar heilt utandfor i ung alder.

### Mål

- Stadig jobbe for at kommunen har helsefremjande skular
- Synleggjere og skape trygghet kring kven ungdom kan snakke med om ein skulle ha det vanskeleg
- Styrke samarbeid mellom Helse og ungdomsrådet for at ungdomsrådet skal vere orienterte om kva som blir gjort i løpet av skuleløpet
- Jobbe for å etablere eit treningstilbod retta mot og tilpassa ungdom - også med fokus på kosthald





## Trivsel

Skule og helse er viktige arenaer for å bidra til god trivsel. I tillegg har ein andre arenaer slik som heimen og fritidsaktivitetar. Eit godt samarbeid mellom skule og heim er viktig for å ivareta trivsel og tryggleik hos elevane. Eit godt samarbeid med barnevern, samt eit nært og tilgjengeleg tilbod frå barnevernet er viktig i utfordrande situasjonar der alle aktuelle instansar jobbar for barnets beste.

Tilgjengelege og varierte fritidsaktivitetar er viktig for å dekke eit mangfaldig behov. Då vil det også vere essensielt at kommunen er med å støttar lag og organisasjonar som jobbar og bidreg for at born og unge skal ha tilgang på eit breitt og utviklande tilbod.



## Mål

- Motverke utanforskap med prosjekt som til dømes Rocket-man
- Jobbe for at det skal vere optimal internett og mobildekning i heile Vinje
- Halde fram med førebyggjande arbeid ut frå situasjonen i samfunnet
- Halde fram arbeidet med tiltaka i Nullvisjonen - null skadde og drepne ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark
- Halde fram med «Heim for ein 50-lapp» og vidareutvikle denne til å fungere over kommunegrensene
- Jobbe for å etablere eit treningstilbod retta mot og tilpassa ungdom - også med fokus på kosthald
- Halde fram med og vidareutvikle prosjektet «Sei det til nokon!»
- Kommunen bør årleg finansiere ferieaktivitetar for ungdom
- Legge til rette for tilgjengeleg kunnskap om aktivitet og kosthald for ungdom
- Jobbe for å oppretthalde og styrke alle fire skulane





## TIL- OG TILBAKEFLYTTING

---

Ein god oppvekst kan resultere i tilbakeflytting. Det er derfor viktig at det er lagt til rette for utvikling av bustadmoglegheiter i form at ledige tomter, hus og leilegheiter.

Ungdomen i Vinje er også opptekne av at andre som ikkje har ein tilknytning til Vinje frå før, skal føle seg velkomne og godt ivaretekne her. Derfor er det også viktig å ha eit bustadmarket som er tilgjengeleg for andre. Det kan vere menneskjer med ulike behov og ynskjer slik at kommunen bør kunne vise til moglegheiter for å til dømes kunne leve ut draumen om å bu på ein gard eller småbruk, like så mykje som å kunne bygge eller kjøpe eit hus, eller leige/kjøpe ein leilegheit.

Det er viktig for tilflytting og tilbakeflytting at ein føler seg velkomen og ivaretatt. Det at kommunen har eit viss ansvar for å sørge for dette synes ungdomen i Vinje er viktig.

For å kunne flytte tilbake eller til Vinje er det avhengig av arbeidsmoglegheiter. Det er viktig at det er eit variert og breitt arbeidsmarket både for unge utan mykje erfaring og nye tilflyttarar. Dersom man har moglegheita til å drive for seg sjølv er det også viktig å ha moglegheita til å nytte seg av eit inkluderande arbeidsmiljø i form av kontorlokale.



### Mål

- Etablere eit oppfygingsprogram for tilflyttarar og tilbakeflyttarar
- Ein tydeleg og tilgjengeleg oversikt over kva som skjer og kva for tilbod som finst
- Halde fram med byggetilskot og også tilskot for oppussing eller restaurering
- Effektiv handsaming av byggesaker
- Tilgjengelege kontorlokaler til leige
- Jobbe for å auke boligmarkedet
- Lage ei oversikt over arbeid i kommunen som kan vere aktuelt, både offentleg og privat
- Utvikle kollektivtilbodet
- Gjere visjonen til barnehagar og skular meir tydeleg
- Stadig arbeidet for framtidretta og berekraftig næringsutvikling

# FRITIDSTILBOD

---

For ungdommen i Vinje er det viktig at det er eit breitt og tilgjengeleg tilbod av fritidsaktivitetar. Desse kan både vere tufta på friviljugheit, men også arrangert av til dømes kommunen. Mange unge finn sine vener på skulen og trivst med det, men det er også fleire som ikkje finn sine vener med same verdiar og interesser på skulen. Det er derfor viktig at alle har ein alternativ arena å treffe andre unge med like interesser på.

Ein fritidsaktivitet kan bidra til sosialisering, inkludering, fellesskapsfølelse og mestring som igjen kan bidra til god psykisk helse. Breidda av fritidsaktivitetar er også viktig for å dekke fleire sitt behov. Det er ikkje alle som trivast med fotball eller ski, så andre alternative idrettar og hobbyar er viktig å oppretthalde og utvikle.

## Mål

- Halde fram med å støtte lag og organisasjonar som bidreg til fritidstilbod til born og unge
- Halde fram med utvikling av utstyrsbanken
- Halde fram med å gjere jakt, fiske og friluftsliv tilgjengeleg samtidig som det blir fokusert på å verne for villrein
- Halde fram med å ha eit tilgjengeleg løypenett for snøskuterkøyring
- Halde fram med utvikling av kulturskulen
- Støtte utvikling av tilbod for fastbuande og besøkande som også kan nyttast på kveldstid og helger.
- Utvikle fritidstilbod på areal som er sesongbasert eller der aktivitetstilbodet er avgrensa.
- Halde fram med «Heim for ein 50-lapp» og vidareutvikle denne til å fungere over kommunegrensene



## MØTEPLASSAR

---

I 2022 og 2023 viser tal frå undersøkingar som «Ungdata» og «Kommunehelsa sin statistikkbank» at møteplassar er ei mangelvare i Vinje. Tilrettelagte møteplassar for ungdom kan bidra til inkludering, utvikling og førebygging av tidleg rusdeby.

Ungdomen har behov for ein felles møtestad i bygdene der dei kan opphalde seg. Det er også eit behov for ein felles møtestad for all ungdom i Vinje.

Ungdomsklubbar kan vere ein slik viktig møtestad. For at ein ungdomsklubb skal fungere i samarbeid mellom ungdomen og dei vaksne er ein avhengig av eit fungerande lokale.

For å oppretthalde kontinuitet og tryggleik for ungdomen kan det vere aktuelt å tenkje ei stilling knytt til ungdomsklubbane som ein av dei som bidreg og jobbar der.

Her er det lista opp nokre kriterium for kva ein bør vurdere i etablering av eit klubblokalet (Kriteria er utvikla av Ungdom og Fritid):

- Ungdomsklubben lokale er utforma til føremålet der ungdommens aktivitetar og interessefelt er prioritert
- Ungdomsklubben er lett å reise til med offentleg transport, eller ligg nær der ungdom bur eller er
- Ungdomsklubbens lokale er universelt utforma slik at alle kan delta på aktivitetane.
- Ungdomsklubben har fleire rom slik at det er mogleg å trekke seg tilbake frå støyande aktivitetar
- Ungdomsklubbens lokale er ein god arbeidsplass for dei som driv den, med ordinære krav til helse, miljø og tryggleik. Det må være møterom, toalett og kontorarbeidsplass
- Ungdomsklubben har tilgang til godkjend kjøken
- Anna bruk av ungdomsklubbens lokale skjer på fritidsklubbens premiss og er ikkje til hinder for drifta av ungdomsklubben





Ein ana moglegheit for ein felles møtestad for ungdom i Vinje kan sjåast i samband med biblioteka. Eit bibliotek som er utvikla i samband med ungdomen og som eit lokalet ungdomane kan bruke som ein møtestad etter skuletida både for å vere saman, men også til dømes gjere lekser, game eller lese. Eit slikt samarbeid er ungdomen opptekne av at blir vurdert i utviklinga av biblioteka i framtida.

## Mål

- Utvikle biblioteka slik at dei kan vere ein aktuell møteplass for både born, ungdom og vaksne både etter skuletid og i helger
- Halde fram med å støtte ungdomsklubbar med lokaler og straum
- Halde fram med å ha ungdomsklubbar i Edland, Åmot og Rauland
- Inkludere ungdomen i avgjersler som treff/omhandlar ungdomsklubbane
- Legge til rette for ei fast stilling knytt til ungdomsklubbane for å sørge for kontinuitet og tryggleik for ungdomen
- Utvikle møtestadar utandørs under tak



VINJE

---

**Vinje**.kommune.no

**Vinje**naturlegvis.no